

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
004/19	Ungdomsrådet	PS	06.02.2019
007/19	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	11.02.2019
003/19	Eldrerådet	PS	12.02.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Tove Mette Arnø Fyllingen	18/22

Høyring - forskrift om kommunale og fylkeskommunale råd for eldre, for menneske med nedsett funksjonsevne og ungdom

Vedlegg :

Høyringsnotat om medvirkning 19.12(901322)(1)

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Lindås kommune har ingen merknader til departementet sitt framlegg.

.....

Ungdomsrådet - 004/19

UR - behandling:

UR - vedtak:

Ungdomsrådet støttar rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Eldrerådet - 003/19

ER - behandling:

Framlegg til uttale:

Lindås kommune har nynorsk som målform, difor meiner Lindås eldreråd at forskrift om medverknad og skal gjevast på nynorsk.

Eldrerådet meiner det er uklart kva departementet meiner med at råda kan koma med uttale før kommunestyret setter ned sekretariat, sakshandsamingsreglar og vedtek budsjett og mandat for dei jf.§3.

ER - vedtak:

Lindås kommune har nynorsk som målform, difor meiner Lindås eldreråd at forskrift om

medverknad og skal gjevast på nynorsk.

Eldrerådet meiner det er uklart kva departementet meiner med at råda kan koma med uttale før kommunestyret setter ned sekretariat, sakshandsamingsreglar og vedtek budsjett og mandat for dei jf.§3.

Saksopplysningar:

Saka skal til uttale i eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne og ungdomsrådet

Bakgrunn

Ny kommunelov vart vedteke i Stortinget 11.juni 2018. Her, i § 5-12, er det fastsett at kommunar og fylkeskommunar skal opprette eldreråd (ER), råd for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) og ungdomsråd (UR) eller anna organ for medverknad for ungdom. Plikt til å opprette ER og RMNF er flytta frå særlov til ny kommunelov, i tillegg er det lovfesta å opprette UR.

Departementet skal som følgje av ny kommunelov gje forskrift om oppgåver, organisering og sakshandsaming for råda. Dei ynskjer at reglane skal vera mest mogleg lik for dei tre råda.

Det er framlegg til forskrift som er på høyring, ikkje kommuneloven.

Forskrift.

Formål: legge til rette for ein open, brei og tilgjengeleg medverknad frå eldre, personar med nedsett funksjonsevne og ungdom i saker som gjeld dei.

Oppgåver: Det går fram av kommunelova at råda er rådgjevande organ for kommunen. Framlegg i forskrifta er då at råda ikkje kan få delegert mynde. Dei skal koma med uttale i saker som gjeld eldre, personar med nedsett funksjonsevne og ungdom og dei kan og ta opp saker på eige initiativ. Fokus vil vera på saker på overordna nivå, mellom anna budsjett og kommuneplanar.

Samansetting: Det er kommunestyret sjølv som vel råda. Organisasjonar for eldre, personar med nedsett funksjonsevne og ungdom skal ha rett til å koma med framlegg om medlemmar til råda.

Råda vel sjølv sin leiar og nestleiar.

Ny kommunelov vert gjeldande i 2019. Forskrifta vert gjeldande i samband med det konstituerande møtet etter kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019.

.....

